



# Velkommen til Lalmstrittet

## 15. mai 2011

Ottadalen SK arrangerer årets "Lalmstritt" - det 15. Barnesykel-, trim- og turritt (alle klasser)





**Turritt 100 km** (blå løype på kartet) - alle klasser + off road: **Start kl. 12.00:**

Løypa følgjer RV15 nedover Ottadalen til Otta - baksida (vestsida av Lågen) på **smal, svingete og kupert veg** til Sjoa - oppover Heidalen med gamle gardar og Sjoa elv til Bjølstadmo - frå Bjølstadmo kjem lengste stigninga opp til Skogbygda - raskt nedover til Leirflata - ei ny stigning opp til Randsverk - stigninga er ikkje slutt her det stig jamt vidare til Lemonsjøen fjellstove (fin utsikt nordover Lemonsjøen) - etter ca. 68 km passer ein høgaste punktet på vel 900 m (her ser ein Glittertind i vest) - slak utfor og flatt til Mån (1 km etter Grov på kartet) - **bratt nedkjøring** til Randen **brems ned farten**. Med unntak av bakken opp til Snerle (4-5 km før mål) er det flat løype etter RV15 dei siste 20 km frå Randen til mål. Forbi Vågå går trasen etter den nye vegen utanfor sentrum.

*Påmelding Lalmsrittet kr 250*

*Eingongslisens kr 150*

**Klasse 13-16 år - 30 km - start kl. 12.15.** Løypa følgjer RV436 gjennom Sjørdalen til Vågå, vending ved

RV15 og Rv 436 attende til Lalm. *Påmelding kr 100 og eingongslisens kr 50*

**Trimritt 12/30 km - start kl. 12.15.** Løypa er den same som over. For 12 km er det vending ved Sjørdalen samfunnshus. *Påmelding kr 50 og eingongslisens kr 20*

**Barnesykkelritt i Lalm sentrum v/Lalm idrettslag.**

Barnesykkelrittet har vorte ein populær og viktig del av arrangementet. Sykkelklubben ønskjer spesielt barn og unge velkommen til årets ritt.

**Frammøte og påmelding på Lalm samfunnshus seinast 1 time før start!**

**Trafikkreglane må følgjast. Og spurt er ikkje tillatt. Kjør aktsamt og vi unngår ulykker i år også !**

**Premieutdeling** blir etter kvart som ritta er ferdige.

NB! Du må være tilstades på premieutdelinga. Premier blir IKKJE ettersendt.

**Uttrekkspremie** blir trekt på startnumral

Diplom til alle startande.

**Vel møtt til ein fin sykkeldag !**

Ottadalen Sykkelklubb

Ottadalen Sykkelklubb

Leiar: Per Mundhjeld

[www.ottadalen-sykkelklubb.no](http://www.ottadalen-sykkelklubb.no)



Eidefoss støttar  
Lalmsrittet